



Månadsbrev desember 2021

November har gått som ein røyk med morgonsamling, Halloween-feiring, fleire besøk frå den kulturelle skulesekken, fridag/planleggingsdag for lærarane, BlimE-dans, MOT til å gleda-dag/veke, halvårsprøvar og julegrantenning. I tillegg har mellomtrinnet fått mykje dekning i media sidan dei skal vera ein av juryklassane i Bokslukerprisen, og det blir kjekt både å lesa og vera med på prisutdelinga i Oslo.

Adventstida er her, og dei fleste tenkjer jul, så nå er det frukost rett som det er og ulike julekalendervariantar og adventssamlingar på alle trinn. 6. november skal 7. klasse ha morgonsamling, og tysdag 7. reiser me på ekskursjon og teatertur. 1.-4. klasse vil til Vitenfabrikken på Sandnes, medan mellom- og ungdomstrinnet har kvart sitt opplegg på Oljemuseet i Stavanger, før det blir felles lønsj med pizza og me avsluttar med "Brødrene Løvehjerte" på Rogaland teater. Ut frå reglane i området nå, blir det bruk av munnbind, som skulen ordnar, der mange er saman. Me skal få alle heilt heim, sjølv om det kan bli litt seinare enn vanleg, så FAU har bestemt at elevane må få litt mindre lekser til neste skuledag.



Det er fint om de snakkar med ungen/ungane dykkar heime om at teater er litt anna enn kino. Det tyder at me ikkje har med snop eller snakkar og kommenterer undervegs til den som sit ved sida av. Skodespelarane er glade for reaksjonar på stykket sitt, anten det er morosamt, trist eller skummelt, men blir forstyrra om det blir uro og høg lyd i salen. Det same gjer dei andre som går i teateret denne kvelden.



Onsdag 15. desember blir det skuledag for 1.-4. klasse, torsdag 16. juletefest for elevar, lærarar og foreldre og fredag 17. julegudsteneste på Kvævemoen. På juletefesten tek 1.-6. klasse med kaker og 7.-10. klasse tek med smørbrød. Det var den månaden, for måndag 20. satsar alle på uteskule, og tysdag blir det juleverkstadar med felles servering av julegraut.

Eit tema me kjem attende til, er Covid-19-situasjonen, og difor er det framleis viktig å vera like flinke som til nå med hygienereglane og å vera heime om me blir sjuke. Skulle ein vera uheldig, er det nå mogleg å få utlevert sjølvtest på skulen, så ring anten Inger (38379377 mån-, tys- og torsdag) eller Åse-Berit (94521258) for å avtala henting. Sjå elles kommunen si heimeside.

Hugs òg onsdagsskule for 1.-4. klasse 5. januar 2022!

Med ynskje om ei retteleg fin adventstid og ei fredfull julehøgtid!

Sinnes 01.12.21, Åse-Berit (rektor)

